

Åpent forslag til Namnekomiteen for ny kommune i Nordhordland  
Att: Nina Bognøy

Øvre Eikanger 19. april 2017.

## **Namneforslag til ny kommune – Solfjord Kommune**

### **Innleiing:**

Har fulgt ein del med i debatten den siste tida vedkommende namnediskusjon og ønskjer og koma med forslag på nytt navn for ny kommune for Radøy, Meland og Lindås. Bakgrunn for dette er at eg først var stemt for «Nordhordland» då dette kan verka mest samlande for dei tre kommunane. På den andre sida må eg erkjenne at namnet i praksis er vanskeleg å skriva rett for dei som ikkje bur i og kjenner vårt område, noko eg sjølv har erfart i jobben min dei siste 15-20 åra, då vi endra til å bruke «Nordhordland» i staden for «Knarvik» som lokalt namn på vårt kontor i Knarvik senter. Feilskrivning som Nord-Hordaland, Nor-Hordaland og Norhordaland har gått igjen dagleg, i tillegg til at folk i andre områder i landet ikkje forstår korleis namnet skal skrivast, noko som fører til at ein i mange telefonsamtalar må ta seg tid til å stave namnet....frustrerende. Det er eit sterkt signal som bør vektleggjast når ein skal velje namn for framtida.

### **Bakgrunn for Solfjord kommune:**

**Fjord:** Når ein i dag ser på kartet over dei 3 kommunane har dei eit sentralt fellestrekk. Dei er fyrst og fremst omkransa av **fjordar**, både rundt kommunane, imellom kommunane, ja jamvel inni kommunane og mellom bygdene, både Radfjorden, Hjeltefjorden, Herdlefjorden, Fensfjorden, Lurefjorden, Austfjorden, Osterfjorden og jamvel mange mindre fjordar i den enkelte kommune, som Hindenesfjorden, Mangersfjorden, Romarheimsfjorden iflg. Nordhordlandskart.no.

Frå gammalt av har fjordane vore heilt sentrale for alle bebuarane i kommunane, både som bindeledd fjordane imellom, vidare når det gjeld tradisjonar som fiske og seinare også fiskeoppdrett, sjøfart- og transport elles, og dette vil nok også utvikle seg vidare i framtida. Dvs. at alle innbyggjarane har ein fellesnemnar, **fjord**, som vil vera samlande for alle innbyggjarane i den nye kommunen. Alternativt kan ein nytta **Solfjorden** eller **Solfjordane** kommune, men det korte og enkle er oftast det beste i det daglege.

**Sola** representerer verdens auge, den gir varme og positiv energi kvar einaste dag, ja faktisk er den sentralelementet i vårt solsystem og er sjølv føresetnaden for alt liv her på jorda. Ved å bruka SOL i det nye kommunenamnet, så får ein vidareført denne sterke og positive energien som vil skapa optimisme i den nye kommunen. Nokon vil kanskje sei at her på våre breddegrader regnar det meir

en sola skin, men akkurat derfor har vi kanskje meir bruk for SOL i namnet vårt her enn andre stader. Sola kommune i Rogaland er ikkje så langt unna den oss, har no nesten same været der også. Og når sola fyrst viser seg her i kommunane våre, så set vi så utruleg mykje meir pris på den enn det dei gjer andre stader der dei er meir bortskjemte. Med SOL i namnet vårt vil me få den daglige optimismen me har behov for i framtida.

**Oppsummering:**

- **SOL** står for kraft og varme, håp og glede, ja optimisme i kvardagen for oss alle.
- **FJORD** er ein fellesnemnar for alle fjordane i den nye kommunen.
- Kort og greitt, **SOLFJORD KOMMUNE** er samlande for alle innbyggjarane og vil skape mykje positiv energi i den nye kommunen vår.

Mvh  
Steinar Haukås  
Mykingvegen 61  
5913 Eikangervåg